

Referat frå møte Samarbeidsutvalet (SU) ved Norane skule og Ylvisåker barnehage

Dato: 27.02.24

Tidspunkt: 18.00-19.30

Desse møtte: Siv Kristin Torvund, leiar, Melissa Venes, foreldre bhg, Sissel Aina Vatnamot Åberge, vara tilsette skule, (frå kl. 19.00) Roar Erlandsen, tilsette bhg, Rune Haug, politisk representant (frå kl. 18.45), Jorunn Slinde, leiar Elevrådet, Anne Siri Bentsen, skrivar. Fråfall: Jon Arve Pedersen, for tilsette skule, Sander Solberg, nestleiar Elevrådet.

Sakliste:

10/23-24 Foreldreundersøkelse i barnehagen

[Spørsmål i Foreldreundersøkelsen i barnehage | udir.no](#)

Resultata for vår barnehage er me godt fornøgde med og svarprosent totalt for begge avdelingane er 78,79%. [Resultat foreldreundersøkinga 2023- begge avdelingane.pdf](#)

Undersøkelsen er gjennomgått og drøfta i personalgruppa. Noko av det me ønsker nærare innspel på er td.: Medverknad, Informasjon (td.vekeplan/månadsplan), Leike/uteområde/inneområde, (td.sambruk ved avd. Blekksprut; reinhald). Det er planlagt foreldremøte i barnehagen av foreldrekontaktane og det vil bli lagt opp til innspelsrunde her. Barnehagen får melding når dette møte vert.

11/23-24 Hjartesamling i barnehagane i Sogndal kommune

Hjartesamling er eit program utvikla av NOK Sogn og Fjordane. [Hjem - Nok. Sogn og Fjordane \(noksognogfjordane.no\)](#)

Den 8. februar var alle barnehagane i Sogndal samla til felles gjennomgang av Hjartesamling. Dette er eit program for å førebygge vald og overgrep mot barn, der ein på ein systematisk måte arbeider med tema som berøring, kjensler, vennskap, hemmelegheiter og kroppen. I tillegg er det alltid ei kreativ oppgåve i etterkant av samlinga, der barn td. teikner, maler bilete, mm. Resultatet er ei utstilling på avdelinga. Avd. Blekksprut startar opp med den eldste gruppa i løpet av mars måned og foreldre får informasjon i forkant.

12/23-24 Barnehage- og skuleåret 2024-2025 [Barnehage- og skuleåret 2024-2025.pdf](#)

Opptak til nytt barnehageår er 6. mars. Tal elevar på skulen frå hausten er 47 (No 40 elevar).

13/23-24 Bemanning barnehagen [Bemanning pr. februar 2024.pdf](#)

Me har den faste bemanninga me skal ha, men er sårbare i forhold til permisjonar og langtidssjukemelde. Har faste, dyktige og stabile vikarar. Arbeide for å auke bemanninga i barnehagen generelt og for å ha ta høgde for at det blir permisjonar og sjukemeldingar i kommunen spesielt ved å tilsette godt med både barnehagelærarar og fagarbeidarar/assistentar før nytt barnehageår. Nok tilsette gjennom heile barnehageåret er ei stor utfordring for alle barnehagane i Sogndal kommune.

14/23-24 Trygg Trafikk ved oppvekstsenteret

Norane oppvekstsenter er tilbake i den kommunale Transportplanen i forhold til trafikale forhold rundt barnehage og skule. Det er frå FAU/SU sett fokus på blant anna parkeringsforhold. FAU/SU føl opp denne saka vidare.

15/23-24 Arbeidsoppgåver for Samarbeidsutvalet

Gjennomgang av framlegg til arbeidsoppgåver. Arbeidsoppgåvene vert teke til orientering med dei innspela som kom i møte.

16/23-24 Felles foreldremøte for barnehagane

Det vert felles temakveld for foreldre og tilsette i alle barnehagen mandag 22. april. Det vert sendt ut invitasjon til foreldre/føresette i forkant.

17/23-24 Høyring forskrift skulekrins

Møte og gjennomgang av skulekrinsforskrifta v/kommunalsjef Kenth-Rune Teigen Måren for alle FAU representantar i Sogndal skulekrins, 11. mars kl. 19.00-19.45 på Kvåle skule. [Forskrift om skulekrinsar i Sogndal kommune - SOGNDAL KOMMUNE](#)

18/23-24 Ymse

Vedtektene for barnehagane i Sogndal kommune vart vedteke av kommunestyret 15.februar. [Forskrift om vedtekter for kommunale barnehagar, Sogndal kommune, Vestland - Lovdata](#)

Referent

Anne Siri Bentsen, rektor/tenesteleiar